

Flukt

Folk kallar det berre Huset.

Eller huset under hammaren. Det stikk ein fjellhammar ut bak huset. Ein svær, glatt bergvegg. Det ser ut som om han kan ramla ned kva tid som helst og slå huset til pinneved. Var det difor dei flytta, dei som budde der? Det bur ingen der no.

Eg står i naustet utafor det tomme huset. Det går to fotspor gjennom snøen. Dei går bort til inngangsdøra til huset. Det går ingen fotspor andre vegen. Dei går berre til. To par. Dei er ikkje så store. Dei må vere spor etter ungar eller damer.

Døra til huset har alltid vore stengd. Eg har prøvd å opna henne, men ikkje fått det til. Karl har sagt at me kan bryta henne opp. Men det vil eg ikkje. Det har ikkje budd nokon der på fleire år. Likevel er det ulovleg.

Dei gamle gardinene i huset er trekt føre som alltid. Alt er like stille som alltid. Men likevel må det vera nokon der inne.

Det dirrar i lomma mi.

Melding frå mamma. «Middag snart,» skriv ho. «Kjem,» svarar eg. Heime ved middagsbordet snakkar mamma og pappa om at to ungar har forsvunne. Dei har stukke av frå eit asylmottak. To søsken. Dei skulle sendast heim til landet dei kjem frå, saman med mor si.

– Men dei har budd her nesten heile livet og har gått på skule her og alt. No vil dei ikkje tilbake, seier mamma.

– Korleis veit de dette? spør eg.

– Det står i avisa.

Oppgåver:

Sjå Elevbok 6B side 195.

Gjer oppgåvene 1–4.

